

Møre og Romsdal fylkeskommune

Molde vgs

Årsmelding skoleåret 2025-26

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 4

2.1 Organisasjonen 4

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 7

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 8

3. Læringsmiljø 10

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 11

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 12

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 15

4. Skoleårsresultat 16

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 16

4.2 Karaktersnitt 18

4.3 Fråvær 19

4.4 Elevar som har slutta 19

4.5 Overgangar 20

5. Leiing og profesjonsutvikling 24

1. Rektor har ordet

Molde vidaregåande skole hadde i skoleåret 2025-2026 totalt 730 elevar fordelt på 7 utdanningsprogram: Studiespesialisering, Studiespesialisering med toppidrett, Kunst, design og arkitektur (KDA), Musikk, dans og drama (MDD), Landslinje for jazz, Innovasjon og leiing og Påbygging til generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse. I tillegg har skolen vaksenopplæring og Nettskolen Møre og Romsdal. På grunn av oversøking på studiespesialisering og ekstra stort Vg1-kull i Romsdal, tok skolen inn fleire elevar og utfordra romkapasiteten dette skoleåret.

Skolen har hatt fokus på å vidareutvikle profesjonsfellesskapa i leiing og stab, gjennom fokus på tenesteproduksjon på rett nivå, fokus på pedagogisk leiing og ein høgkompetent stab. Pedagogisk team, elevtenesta med ressursteam og SIM-team saman med stabsavdelinga utgjer laget rundt elevane våre.

Prosjektet Yrkesretta studiespesialisering vart vidareført dette skoleåret. Vi har opplevd synkande søkartal til studiespesialisering med yrkesfag i vinden. Vår oppgåve har vore å gjere studiespesialisering attraktivt. Vi opplevde å få til gode samarbeid med næringslivet og Molde Næringsforum i dette prosjektet.
Prosjekta våre dette skoleåret:

- Yrkesretta ST helsefag: Samarbeid med Helsefag ved Høgskolen i Molde og 2 klassar med programfaga biologi og psykologi
- Yrkesretta ST ingeniørfag: Samarbeid med utviklingsavdelinga hos Maritech AS og 2 klassar med programfag i realfag.
- Yrkesretta ST med alle klassar i Vg1 i fellesfag og karrierelæring: Samarbeid med bedriftene Vikenco, Glamox, NoFence og Axess.

Inkluderande klasserom og vurdering har vore dei overordna satsingsområda til skolen dette skoleåret. Vi har hatt eit DeKom-samarbeid med Høgskolen i Volda med dette som

tema, der vi hadde gode samarbeidsøkter på planleggingsdag om hausten og på personalseminar i Ålesund i februar 2026.
Molde vgs. har dei siste åra lagt ned mykje arbeid i skolemiljø, og dette skoleåret har vi fokusert på kontaktlærarrolla. Aktivitetsdagar for alle trinn og bruk av kontaktlærartid har vore deler av det forebyggande arbeidet med skolemiljø. Kroppsøvingsseksjonen har arrangert bli kjent-løype med lågterskelaktivitetar for Vg1, der vi samstundes har pølseservering for alle elvar på alle trinn. Dei har også arrangert volleyballturneringar for Vg2 og Vg3. Miljøteam har også ansvar for å arrangere hybelkveldar, spelegrupper og sosiale aktivitetar som t.d. påskeeggjakt og FIFA-turnering. I elevundersøkinga ser vi at mobbetala har gått ned, kanskje delvis på grunn av arbeidet som vert gjort.


Celia Berg
Rektor

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	61,5
Tal på årsverk i leiarstillingar	5,5
Tal på årsverk andre tilsette	6,9

Molde vidaregåande skule vert leia av rektor som er arbeidsgjevars representant og har det overordna ansvaret for verksemda til skulen, m.a. pedagogisk, personal- og administrativ leiing. Rektor har personalansvar for leiargruppa, som er assisterande rektor og fire avdelingsleiarar. Assisterande rektor er rektor sin avløysar, men har i tillegg eit særleg ansvar for den pedagogiske verksemda ved skulen. Assisterande rektor har ansvaret for stabsavdelinga ved skolen. Kvar avdelingsleiar har fag- og personalansvar på sine område, i tillegg til ei rekkje avdelingsovergripande ansvarsområde, m.a. trinnansvar. Heile skoleleiinga er samlokalisert i H-fløya i skolen og samarbeider tett i det daglege. Vi har ei overordna målsetting om å leggje til rette for eit inkluderande skolemiljø med fokus på elevane si læring og utvikling, der behova og føresetnadane til kvar elev vert ivaretekne. Her er skulen sitt pedagogiske leiarteam, Pedteam, leia av ass. rektor, det sentrale forumet som mellom anna har som mål å sikre ei einskapleg pedagogisk leiing av verksemda. I Pedteam sit også leiar for ressursteam, som byggjer den sosialpedagogiske brua mellom elevar med særskilte behov og eksterne ressursar som PPT og helsesjukepleiar.



Dei aller fleste av lærarane ved skolen har to til tre undervisingsfag, fag som ofte ikkje høyrer til same avdeling. Det vil seie at mange av lærarane våre tilhøyrer ein fagseksjon som vert leidd av ein annan avdelingsleiar enn den som har det direkte personalansvaret for vedkomande. I tillegg skjer mykje av skolen si faglege didaktiske og pedagogiske utvikling innanfor lokale profesjonelle læringsfellesskap, såkalla **faglag**. Desse er lærarstyrte, og også her er det vanleg at lærarar frå ulike avdelingar deltek. På den måten blir skolen ein dynamisk organisasjon, der tilsette samarbeider mykje på tvers, noko organisasjonskartet forsøker å få fram.

Utover dette søkjer vi å ivareta elevane gjennom strukturerte **trekantsamtalar**, eit tretrinnssystem der først kontaktlærar og alle faglærarar i klassen går gjennom dei ulike utfordringane, før dette vert teke vidare til møte mellom kontaktrådgjevar i klassen og ein skuleleiar, og deretter til rektor. Slik får skoleleiinga raskt og sikkert ei god oversikt over heile elevmassen og kan sjå samanhengar i det heilskaplege utfordringsbiletet, samtidig som ein arbeider på ein strukturert måte for å ivareta behova til einskildelevar.

Avdeling for elevtenester og stabsavdelinga sikrar eit fellesskap for dei ikkje-pedagogiske tenestene som ligg tettast opp til elevane. Dette skjer gjennom avdelingsmøte og møte i ressursteam. Avdeling for elevtenester utgjer saman med rektor og assisterande rektor skolen sitt innsatsteam mot mobbing (SIM).

Ved skolestart hadde skolen 85 tilsette. I tillegg hadde to driftsteknikarar frå Bygg- og eigedomsavdelinga (BYE) Molde vgs. som sin daglege arbeidsplass. Også oppfølgingstenesta v/, pedagogisk-psykologisk teneste v/Anne Berit Lerheim og Molde kommune si helsesjukepleiarteneste v/Marthe-Lise Riksfjord hadde fast kontortid ved skulen. Dessutan underviste 20 lærarar ved Molde kulturskule våre elevar på utdanningsprogram for musikk, dans og drama i utøvande musikkfag gjennom samarbeidsavtalen med kommunen.

Med andre ord, inkludert eksterne samarbeidspartnarar var totalt 105 personar skuleåret 2025-2026 med på å realisere skolen sine mål.

Ved skulestart hadde Molde vgs. 67 tilsette i pedagogisk stilling.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Vg4	Total
Studiespesialisering	134	125	128		387
Studiespesialisering med toppidrett	26	31	26	18	101
Musikk, dans og drama	28	21	21		70
Kunst, design og arkitektur	26	22	19		67
Innovasjon og ledelse	30	30	27		87
Påbygg etter fagbrev			18		18
Total					730
Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring					67

Studiespesialisering er det største utdanningsprogrammet ved skulen, med 5 klassar pr. trinn. Skolen har også eit toppidrettstilbod, der elevar som satsar på idrett på høgt nivå kan bruke fire år på studiespesialisering. Dette gjer at dei får frigjort tid på dagtid til organisert trening, eigentrening eller skolearbeid som frigjev tid til trening utanfor skoletid. Dette skoleåret vart det tatt inn noko fleire elevar i Vg1 studiespesialisering grunna oversøking og stort elevkull.

Utdanningsprogrammet Innovasjon og leiing (IL) vart flytta frå Romsdal vgs. til Molde vgs. hausten 2022. Dette utdanningsprogrammet byggjer på eit yrkesfagleg løp (SSR), men er lagt opp slik at elevane tar eit Vg3-år som gjev studiekompetanse etter Vg1 og Vg2.

På utdanningsprogrammet kunst, design og arkitektur har vi fulle klasser på alle trinn. Musikk, dans og drama har som vanleg ein klasse pr. trinn, der inntil 9 plassar på kvart trinn kan brukast til landslinje for jazz.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	Molde vgs 2024-25	Molde vgs 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	8,5%	5,3%	11,4%
0 - 25	1,3%	0,8%	2,7%
25 - 30	0,8%	0,0%	4,7%
30 - 35	4,2%	2,9%	11,1%
35 - 40	13,1%	10,7%	16,8%
40 - 45	23,3%	27,5%	22,3%
45 - 50	24,2%	24,6%	17,9%
Over 50	24,6%	28,3%	13,0%

2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Molde vgs	47,2	46,5	45,9	45,0	45,9
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse


Som ein ser av tabellane i 2.3.1 og 2.3.2, har Molde vgs. relativt sett få elevar med låge inntakspoeng. Ein kan merke seg nedgang i tal på elevar i gruppa som har 0 eller ingen poeng til under 30 poeng, og noko auke i gruppene i 45-50 og over 50 poeng frå skoleåret 24-25 til 25-26. Skoleåret 2025-2026 vart dei aller fleste elevane på alle utdanningsprogram tatt inn på primærønska sine. Det kan tyde på at elevane som vart tatt inn i utgangspunktet var godt kvalifiserte til å starte studieførebuande og studiespesialiserande utdanningsløp.


Elles viser tala at dei aller fleste elevane i Vg1 ved Molde vgs. kjem inn med over middels høge grunnskulepoeng, også her ser vi ei markant auke frå fjoråret. 80,4 % av elevmassen har 40 poeng eller meir. Dette er eit godt utgangspunkt for å kunne gjennomføre eit


studieførebuande løp i vidaregåande. Samstundes veit vi at grunnskolepoeng og karakterar berre er éin del av biletet, og at det finst mange i denne gruppa som har behov for tett oppfølging knytt til psykisk helse og sosialpedagogiske utfordringar. Framover ønskjer vi å halde fram med å leggje vekt på godt informasjonsarbeid og tiltak som Yrkesretta studiespesialisering i samband med innsøking for å få fleire motiverte elevar.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.]







3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Resultata frå Elevundersøkinga viser i all hovudsak små endringar frå føregåande år. På punktet Trivsel aukar det markant i Vg1 og litt i Vg3, men vi ser nedgang i Vg2. I Vg1 og Vg3 ser vi oppgang på dei fleste punkt, medan det er noko nedgang på dei fleste i Vg2. Vår analyse er at dette kjem av inntaket som er svært ulikt på desse trinna. Vg2-trinnet har mange elevar som kom inn på sine 2. og 3. ønske, medan dei aller fleste elevane i Vg1 kom inn på sitt primærønske. Vurdering er eit område skolen har jobba målretta med dei siste åra, og vi håper det kan vere starten på resultat av dette arbeidet vi ser her. Det har også vore større merksemd rundt elevmedverknad i undervisning og vurderingsarbeid, noko som kanskje kjem til uttrykk her. Når det gjeld «Faglig utfordring» ser vi stabile tal, men vi skårer framleis så høgt som 4,5 på Vg2 på dette punktet. Trivselen er jamt over god, og held seg stabilt på ein skår på 4,0-4,3.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	0
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Skolen arbeider kontinuerleg med førebygging av skolemiljø både i klassar, grupper, trinn og skolen som heilskap gjennom kontaktlærartid og kontaktlæraroppgåver, aktivitetsdagar og sosiale arrangement og tiltak. I tillegg arbeider skolens SIM-team med både monitorering av skolemiljø og med einskildsaker. Teamet har faste møtetider og ei gjennomarbeidd rutine. Saker vert diskuterte i SIM-team uavhengig av om det blir ei varslingssak med tiltaksplan eller om det ikkje kjem så langt. Vi har opparbeidd oss gode erfaringar i teamet så langt. Inkluderande klasserom er eit stort satsingsområde for skolen dette skoleåret, og det har vore tema på alle planleggingsdagar for lærarane. Vi har særleg arbeidd med inkluderande opplæring i alle fag, både når det gjeld undervisning og vurdering. Gode relasjonar og godt klassemiljø er ein føresetnad, i tillegg til gode rutiner for universelt utforma undervisning og vurdering der alle elevar, uavhengig av føresetnader og lærevanskar, skal kunne oppleve meistring i faga. Dette har vore særleg viktig med tanke på den auka andelen med minoritetsspråklege elevar, og i tillegg til det aukande talet på elevar med dysleksi.

Trygt og godt skolemiljø

Molde vgs. jobbar mykje med trygt og godt skulemiljø for alle elevar. Vi legg vekt på relasjonsbygging og førebygging, for å unngå at det oppstår uheldige sosiale strukturar og kulturar på skulen. Klassemiljø er særleg vektlagd i starten av skoleåret, og vi legg stor vekt på trivsel og tryggleik i klasserommet, m.a. gjennom makkerskapsordninga og bli-kjend-aktivitetar. Elevtenestene jobbar særleg retta mot elevar med behov for tilrettelegging og særskilt oppfølging, og gjev råd og rettleiing til kontaktlærarar og


faglærarar. Elevar som har stort fråvær vert følgt opp særskilt av miljøteam. Ved bekymring om at nokon ikkje har det trygt og godt på skulen, vert SIM kopla på.



Trine (barne- og ungdomsarbeidar), Tone (vernepleiar) og Fride (sosionom) er miljøteamet på Molde vgs

Skoleåret 2025-2026 bestod miljøteamet ved skulen av tre miljørettleiarar, ein av dei i permisjon. Miljøteamet arbeider både med oppfølging av einskilde elevar og grupper med særlege behov, men også breitt inn mot alle elevar ved skulen. Dei kan vere med inn i klasserom og støtte elevar i opplæringssituasjonen, dei er synlege rundt omkring i skulemiljøet, og det er lett for både elevar og lærarar å kome i kontakt med dei. Dei arrangerer ulike sosiale aktivitetar i og utanfor skuletida, for å leggje til rette for relasjonsbygging og tilhøyrsle for elevane. Skoleåret 2025-2026 hadde dei også ansvaret for oppfølging elevar med dysleksi, noko som inkluderer både kartlegging og organisering av tilrettelegging i form av tildeling av digitale verktøy og hjelpemiddel. Miljøteamet har også hatt ansvar for oppfølging av avgangselevane (russen), dette vart ei særs vellukka ordning. Til slutt kan det nemnast at dei hadde oppfølging av elevrådet, noko som også er ei god ordning.

Oppfølging av avgangselevane i samband med avgangsfeiring og russetid er eit viktig utviklingsområde for skolen. Rektor har det overordna ansvaret, og miljøteam er kopla på som kontaktperson for denne elevgruppa. Eige team for avgangselevar i Teams er oppretta for kommunikasjon og informasjonsdeling. Avgangsstyret deltok også ved foreldremøte for Vg3 19. november 2025, og dei hadde med godt førebudde, reflekterte og ærlege svar og innlegg som



foreldremøtet i Vg3 19. november. Bilete henta frå Instagram.

vart godt mottatt av foreldregruppa. Vi opplever eit godt samarbeid mellom dei lokale skolane og med politiet om avgangselevane våre.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	10
Møter i skoleutval	3
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	3

Elevane er oppfordra til å engasjere seg i råd og utval, og skulen legg til rette for at elevrådet kan møtast i skoletida. Elevrådet har ein kontaktperson (miljøteam) som følgjer opp arbeidet deira, og gjev særleg støtte og rettleiing til elevrådsstyret. Skolen jobbar for at så mange som mogleg skal svare på Elevundersøkinga, m.a. med premiering av klassane med høgast svarprosent som verkemiddel. Undervisingsevalueringa og Elevundersøkinga vert gjennomført i kontaktlærartida, og elevar som er borte på dagen for gjennomføringa får høve til å svare på undersøkingane seinare.

I utgangspunktet ønskjer Molde vgs. å halde møte i skuleutvalet og skolemiljøutvalet 3 gonger pr. skuleår. Elevane er flinke til å delta og bidra i desse møta.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	91,5%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Kunst, design og arkitektur	69,2%	77,3%	78,9%	74,6%
Musikk, dans og drama	85,7%	100%	90,5%	91,4%
Påbygg			97,8%	97,8%
Sal, service og reiseliv	100%	93,3%		96,7%
Studiespesialisering	97,5%	89,7%	90,7%	92,6%
Total	93,4%	90,0%	91,1%	91,5%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Molde vgs	94,5%	95,5%	92,7%	90,4%	91,5%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Vi registrerer ei auke i prosentdelen elevar som fullførte og besto skoleåret 2025-2026 på 91,5% samanlikna med året før, der totalen for skolen kom på 90,4%. Som tabellane i 4.1.1-4.1.3 viser, går den samla gjennomføringsprosenten ved Molde vgs. opp dette skoleåret. Ved studiespesialisering, MDD og IL er gjennomføringa svært god og godt over fylkesnivå. Ved KDA og påbygg er gjennomføringsprosenten lågare enn fylkesnivået, men høgare

enn året før. Årsaka til lågare tal her kan til dels vere omval og avbrot for minoritetsspråklege elevar.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Kunst, design og arkitektur	3,96
Musikk, dans og drama	4,20
Påbygg	4,42
Sal, service og reiseliv	4,67
Studiespesialisering	4,33
Total	4,32

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Molde vgs	4,41	4,35	4,35	4,27	4,32
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Som tabellane i 4.2.1 og 4.2.2 viser, har Molde vgs. eit godt karaktersnitt. Vi ligg samla sett over snittet i fylket, noko som også har vore tilfellet gjennom fleire år. Snittet er særleg høgt på innovasjon og leiing, noko som også er rimeleg sidan elevane som går der kom inn med høge inntakspoeng frå grunnskulen. Men vi registrerer også at karaktersnittet for studiespesialisering er stabilt høgt. Kunst, design og arkitektur og musikk, dans og drama ligg under fylkessnittet, men også dette er som venta ut frå inntakspoenga frå grunnskulen. Toppidrett er inkludert i tala for studiespesialisering. Auka tal på minoritetsspråklege elevar med lave føresetnader for gjennomføring av mange fag speler inn på resultata dei siste åra.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	4,1	36,0	6,3%
Vg1	3,4	30,8	5,2%
Vg2	3,8	38,0	6,3%
Vg3	5,1	39,2	7,3%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Molde vgs	3,0%	6,8%	7,8%	8,9%	6,3%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Vi ser av tabell 4.3.1. og 4.3.2. at fråværsprosenten gjekk ned frå 8,9% skoleåret 2024-2025 til 6,3% i 2025-2026. Dette skoleåret vart det innført nye fråværsreglar i vidaregåande opplæring, og dette kan kanskje spele inn på tala her. Det at fråværet faktisk blir synleg på vitnemålet med nytt fråværsreglement gjer kanskje at tilstadesværet aukar noko. I Vg1 gjekk fråværet mest ned, til 5,2%. Det er ikkje uvanleg at fråværet aukar oppover i trinna, men vi ser likevel ein markant nedgang frå 24-25 til 25-26 på Vg2 og Vg3: Frå over 10% ned til 6,3% (Vg2) og 7,3% (Vg3).

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
2,3%	17

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Molde vgs	1,2%	1,2%	2,6%	2,5%	2,3%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

Som tabellane i 4.4.1 og 4.4.2 viser, er det relativt få elevar som sluttar ved Molde vgs. Talet ser ut til å ligge stabilt på rundt 2%.

Det er mange ulike årsaker til at elevar ikkje fullfører opplæringa: Feilval, lærlingplass, permisjonar, psykososiale helseplager, idrettssatsing og overgang til andre utdanningsprogram. Den sistnemnte elevgruppa får tett oppfølging frå skolen med planer for vidare løp. Elevar som går toppidrett har ofte som eit mål å lykkast i idretten dei satsar på, og somme av desse får kontrakt i idrettsklubbar som gjer at dei må flytte og bytte skole. Då er avbrotet hos oss eit teikn på at dei har lykkast. Det er gledeleg å sjå at dei aller fleste elevane ved Molde vgs. vel å fullføre opplæringa si.

4.5 Overgangar

Det finst gode strukturar for å arbeide med overgangen mellom ungdomsskole og vgs. Skolen deltek på regionsmøta knytt til ordinært inntak og tidleg inntak, og opplever desse som gode arenaer for å samarbeide med ungdomsskolane og KON. Rådgjevarane i ungdomsskolane har naturleg nok ikkje fullstendig oversikt over korleis vidaregåande opplæring fungerer, og desse møta er fine for å ha dialog om område ein bør vere særleg merksame på.

Skolebesøk, hospitering og open skole

Informasjonsarbeidet ut mot 10.-klassingar i regionen er ein viktig del av arbeidet med overgangen mellom ungdomsskole og vidaregåande skole. Vi legg stor vekt på å gje ungdommen god informasjon slik at dei kan velje den vidaregåande utdanninga som er rett for dei. Dette arbeidet har i hovudsak tre delar, som alle vart gjennomførte også skoleåret 2024-2025:

1. Molde vgs. gjennomfører skolebesøk til ungdomsskolar i regionen og informerer om utdanningstilbodet vårt, dette skjer i samarbeid med Romsdal vgs. og Hustadvika vgs.
2. Molde vgs deltar på Karrieremessa for 10. klassingar og foreldre som vert arrangert av Molde Næringsforum i Akerhallen i september.
3. 10.-klassingane kjem på hospitering til skolen, der dei får eit innblikk i korleis det er å vere elev på det aktuelle utdanningsprogrammet og informasjon om vidare karrieremulegheiter.
4. Molde vgs. arrangerer open skole i januar, i samarbeid med Romsdal vgs. Dette er ein ettermiddag der elevar og foreldre kan kome på besøk til dei to skolane og få meir informasjon om utdanningstilboda.

Elles informerer Molde vgs. om utdanningstilbodet sitt til nye og gamle elevar og foreldre gjennom nettsidene, i tillegg til Facebook og Instagram.

Inntaksmøte

Skolen arrangerer individuelle inntaksmøte på våren for elevar med tidleg inntak og elevar som har hatt spesialundervising i ungdomsskulen. Avdelingsleiar for elevtenestene, skolerådgjevar og PPT deltek på desse møta. Her kan elev og foreldre ha med seg nokon frå avgjevarskulen om dei ønskjer det. Målet med desse møta er å skape ein trygg og god overgang, og at skolen kan planlegge tilretteleggingstilbodet saman med elev og foreldre. Informasjon frå inntaksmøta vert vidareført til kontaktlærarar og faglærarar under planleggingsdagane i august, for å sikre eit godt elevmottak.

Kartlegging

Skolen er særleg merksam på elevar med låge inntakspoeng frå grunnskolen, og kontaktlærarane vert gjort merksame på desse for å følgje med på utviklinga deira. Ved skolestart vert elevane kartlagde i norsk, matematikk og engelsk. Etter fagfornyinga har me dessverre ikkje lenger kartleggingsprøvene frå Udir, som var ein effektiv måte å få oversikt over dei grunnleggjande dugleikane til elevane. No er det fagseksjonane i norsk, matematikk og engelsk som tek ansvar for at Vg1-elevane vert kartlagde. Minoritetsspråklege elevar vert kartlagde med eigne kartleggingsverktøy ved skolestart og får vedtak om rett til særskilt språkopplæring dersom kartlegginga viser behov for det.

Elevar med nynorsk som hovudmål

Molde vgs. har dei siste åra satsa på god overgang for elevar med nynorsk som hovudmål, med utgangspunkt i den nye språklova gjeldande frå 01.01.22 som mellom anna legg vekt på det offentlege sitt ansvar for å fremje nynorsken som det minst bruka skriftspråket. Arbeid for å gjere det lett å halde på nynorsken er etter vår meining ein måte vidaregåande skolar kan etterleve dette. Skuleåret 2025-2026 vart dette arbeidet endå meir systematisk, og Molde vgs. har også vore med som nøkkelaktør i utarbeidinga av skolemålsplanen i fylkeskommunen.

Overgang mellom trinn

Skolen har system for å sikre god overgang mellom trinn. Eit grunnleggjande mål i skoleårsplanlegginga er å sørgje for kontinuitet på lærarsida, så langt det lèt seg gjere. Dette vil seie at ein arbeider for at kontaktlærarane får følgje klassane sine gjennom tre/fire år, og at lærarar i gjennomgåande fag som norsk, historie, kroppsøving og framandspråk får følgje gruppene til neste trinn. Dette er ikkje alltid praktisk mogleg å få til, og her prioriterer skulen å sikre kontinuitet i dei klassane/gruppene der det er sårbare elevar eller elevar med særlege tilretteleggingsbehov. Kontaktlærarane har møte med kontaktrådgjevar for klassen ved skolestart, der viktig informasjon om elevar vert gjeven. Denne informasjonen vert vidareformidla til faglærarane til dei aktuelle elevane gjennom klasselærarråd, og vidare følgt opp i trekantsamtalar.

Overgang til høgare utdanning og karriererettleiing

Informasjon om fagval og vidare studium

Alle klassar ved skolen har ein eigen kontaktrådgjevar, som mellom anna har som oppgåve å drive karriererettleiing i den aktuelle gruppa. Studiespesialisering er det største utdanningsprogrammet ved skolen, og vi jobbar mykje med val av programområde og programfag. I Vg1 skal elevane etter kvart velje kva for retning dei ønskjer å gå innanfor det studiespesialiserande utdanningsløpet, noko som vil påverke

kva for mulegheiter ein har etter vidaregåande. Skulerådgjevarane og administrative rådgjevarar er sentrale i dette arbeidet, og på hausten får elevane informasjon om reglane for fagval, og kva dei ulike vala kan innebere. I desember arrangerte vi «Infotek», der elevane kan besøke dei ulike programfaga på stand for å få eit inntrykk av kva faga går ut på. Både Vg1 og Vg2 deltek på Infotek. I Vg3 arbeider ein med karriererettleiing og val av vidare utdanning innanfor alle programområda ved skulen. Skolerådgjevarane har eigne undervisingsopplegg for dette, og elevane deltek på studieorienteringsdagen i januar.



Elevar viser fram faget entreprenørskap og bedriftsutvikling på infotek for studiespesialisering i 2025.

Yrkesretting, bedriftsbesøk og kontakt med næringslivet

Prosjektet Yrkesretta studiespesialisering vart sett i gang skoleåret 2024-2025 med midlar frå næringsavdelinga i fylkeskommunen, og dette har no fått fast form her ved skolen. Nytt i skoleåret 2025-2026 var at det omfatta alle 6 klasser på studiespesialisering Vg1. Desse klassane fekk to dobbeltøkter med karrierelæring frå skolerådgjevarane før og etter bedriftsbesøk, og alle klassene var ein halv skoledag på besøk i relevante bedrifter: Glamox, Vikenco, , Nofence og Axess. I første omgang var prosjektet starta for elevar i Vg2, der målet var å synleggjere nokre sentrale programfag i praksis og i relevant arbeidsliv. Vi har etablert eit årleg samarbeid med Høgskolen i Molde og helsefag, der elevar i programfaga biologi og psykologi får eit tverrfagleg opplegg med i innføring studia sjukepleie, vernepleie og paramedisin ved Høgskolen i Molde. Ingeniørfag ved Maritech AS vart sett i samanheng med realfag hos oss. Tilbakemeldingane frå elevane har vore svært positive,



Elevar på Yrkesretta studiespesialisering på helsefag på Høgskolen i Molde (Vg2) og på Glamox (Vg1).

dei får innblikk i mulegheiter studiespesialisering gir i yrkeslivet seinare, noko som kan motivere dei i arbeidet med skolearbeidet.

Elevane ved landslinje for jazz har eit tett samarbeid med institutt for musikk ved NTNU og Moldejazz, der dei m.a. får innblikk i ulike karrierevegar innanfor musikk- og produksjonsfeltet. Elles har skolen faste samarbeid med Bjørnsonfestivalen og Romsdalsmuseet, som gjev innblikk i yrkesmogleikane innanfor ei rekkje ulike område som t.d. historie, samfunn, politikk, religion, språk, litteratur og kultur.

5. Leiing og profesjonsutvikling

I 2025-2026 har skolen hatt eit samarbeid med Høgskolen i Volda med kompetanseheving innan inkluderande klasserom gjennom ordninga DeKom. Realfag og historie vart særleg vektlagte, men alle andre fagseksjonar deltok også. Planleggingsdagar og personalseminar vart brukt til dette.

Molde vgs. rekrutterer mange sensorar til skriftleg sentralgjeven eksamen. Dette er eit viktig vurderingsfellesskap på landsbasis, og me opplever det som både nyttig og viktig å vere godt representerte her

Ein del av samfunnsoppdraget vårt er å ta i mot studentar og lærlingar. Molde vgs. har også i år vore praksisplass for fleire studentar, både innanfor pedagogiske fag (PPU) og vernepleie. IKT-avdelinga ved skulen har som tidlegare år hatt ansvar for yrkesopplæringa til to lærlingar innanfor IKT-servicefaget og IT-driftsfaget.

Pedagogisk leiing

Pedagogisk leiing er sentralt for leiargruppa ved Molde vgs, og det er også ei sentral årsak til omorganiseringane ein har gjort i avdelingsstrukturen det siste året. Målet er at dei pedagogiske avdelingsleiarane skal få meir tid til å drive pedagogisk leiing og oppfølging av lærarane, og overlate fleire av dei administrative oppgåvene til staben. Det pedagogiske leiarteamet møtest jamleg for å drøfte, planlegge, gjennomføre og evaluere det pedagogiske arbeidet ved skulen.

Samarbeid

Møre og Romsdal fylkeskommune står overfor store utfordringar i framtida, og eit godt samarbeid innanfor utdanningsfeltet er avgjerande for å kunne gje ungdommane våre god opplæring i åra som kjem. Molde vgs. og Romsdal vgs. har dei siste åra fått eit nærare samarbeid enn tidlegare, og rektorane på dei to skulane har jamleg dialog om ulike tema som vedkjem leiing og drift av dei to skolane. Rektorane og ass. rektorane har også hatt uformelle møte der ein har diskutert ulike saker, og målet med å ha eit slikt forum er m.a. å skape tillitsfulle og gode relasjonar som ein kan byggje vidare samarbeid på, og at ein kan bruke kvarandre som støtte i den krevjande kvardagen ein står i som rektor og ass. rektor.

Leiardialogen mellom kompetansesjefen og skoleleiinga er eit anna forum for samarbeid som er viktig for den vidare utviklinga av Molde vgs. Her går vi strukturert gjennom ulike sider ved leiing og profesjonsutvikling ved skulen, og diskuterer utfordringar og mogleikar som ein står overfor. Molde vgs. opplever å ha eit tillitsfullt og godt samarbeid med kompetanse- og næringsavdelinga.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no